



# **Tildelingsbrev til Statens lånekasse for utdanning for 2025**

## Innhald

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1 Innleiing.....</b>  | <b>3</b>  |
| <b>2 Målbilete for kunnskapssektoren.....</b>  | <b>3</b>  |
| <b>3 Mål og styringsparametrar for 2025 .....</b>  | <b>4</b>  |
| <b>4 Regjeringa sine forventningar og prioriteringar .....</b>                                   | <b>4</b>  |
| <b>5 Tildeling av midlar .....</b>   | <b>7</b>  |
| <b>6 Fullmakter .....</b>  | <b>9</b>  |
| <b>7 Føringar .....</b>  | <b>10</b> |
| <b>8 Rapportering .....</b>  | <b>11</b> |
| 8.1 Rapportering på måloppnåing.....   | 11        |
| 8.2 Årsrapport.....  | 11        |
| 8.3 Publisering av årsrapport, årsrekneskap og tildelingsbrev.....                               | 13        |
| 8.4 Innspel til Prop. 1 S (2025–2026).....   | 13        |
| 8.6 Klagesaker og klagenemnda si beretning.....  | 13        |
| 8.7 Analyser av effekten av ulike ordninger .....  | 14        |
| <b>9 Styringsdialogen i 2025 .....</b>   | <b>14</b> |
| <b>Oversikt over rapporteringsfristar i 2025 og fristar for innspel til statsbudsjettet.....</b> | <b>15</b> |
| <b>Vedlegg til tildelingsbrev – 2025: .....</b>  | <b>16</b> |
| Særskilte oppdrag til Statens lånekasse for utdanning i 2025.....                                | 16        |
| <b>Vedlegg til tildelingsbrev:.....</b>  | <b>19</b> |
| Krav til årsrapport for Statens lånekasse for utdanning.....                                     | 19        |
| <b>III. Årets aktivitetar og resultat .....</b>  | <b>19</b> |
| <b>IV. Styring og kontroll i verksemda.....</b>  | <b>20</b> |
| <i>Del 1: Rapportering om styring og kontroll i verksemda.....</i>                               | <i>20</i> |
| <i>Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav .....</i>                                   | <i>20</i> |
| <b>V. Vurdering av framtidsutsikter .....</b>  | <b>20</b> |
| <b>VI. Årsrekneskap.....</b>   | <b>20</b> |

## 1 Innleiing

Vi viser til Innst. 12 S (2024–2025) og Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet. Lånekassen skal setje seg inn i føringane som er gitt i desse dokumenta. Med etterhald om budsjettendringar i løpet av 2025 stiller Kunnskapsdepartementet dei midlane som er angitt i dette tildelingsbrevet til Lånekassen sin disposisjon. Lånekassen skal planleggja for og realisere måla og krava som dei er ansvarleg for innanfor dei gitte rammene.

Dette tildelingsbrevet kunngjer Stortinget sitt budsjettvedtak, økonomiske rammar og Kunnskapsdepartementet sine prioriteringar for Lånekassen i 2025. Andre tildelingar og nye føringar gjennom året blir formidla i eit supplerande tildelingsbrev. Dette tildelingsbrevet og eventuelle supplerande tildelingsbrev skal publiserast på nettsidene til Lånekassen så snart dei er mottekne, jf. Føresegner om økonomistyring i staten, pkt. 2.3.2.

## 2 Mål bilete for kunnskapssektoren

Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål for kunnskapssektoren:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kunnskapssektoren jamnar ut sosiale og geografiske forskjellar

Desse tre hovudmåla beskriv samfunnsoppdraget til Kunnskapsdepartementet og blir utdjupa gjennom undermål for dei ulike politikkområda:

- Fleire synlege og framifrå forskingsmiljø
- Fleire deltek i internasjonale lærings- og forskingsmiljø
- Kunnskapssektoren har tilbod av høgare kvalitet
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Sterkare felles opplærings- og utdanningsmiljø som fremjar inkludering, motivasjon og meistring
- Medarbeidarar i kunnskapssektoren har meir relevant kompetanse
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering
- Ein meir samordna og tidlegare innsats for alle barn og unge

Verksemduene i kunnskapssektoren spelar ei viktig rolle for å nå måla. Godt samspele mellom verksemduene under Kunnskapsdepartementet er viktig, slik at alle bidrar til måloppnåing for kvarandre. Lånekassen må derfor gjere seg kjent med det samla målbiletet med overordna mål og undermål slik det blir presentert i hovudinnleiinga i Prop. 1 S (2024–2025).

Kunnskapsdepartementet har i Prop. 1 S (2024–2025) fastsett desse måla for tildelingane under programkategori 07.80:

- Kunnskap legg grunnlag for demokrati, velferd, omstilling og berekraft
- Samfunnet og arbeidslivet har tilgang på relevant kompetanse
- Kunnskapssektoren utjamnar sosiale og geografiske skilnader
- Kompetanseheving og livslang læring er meir tilgjengeleg for alle over heile landet
- Opplæring og utdanning som gir fleire relevant kvalifisering

### 3 Mål og styringsparametrar for 2025

Utdanningsstøtteordningane skal bidra til like moglegheiter til utdanning, til å sikre tilgang til kompetanse i samfunnet og til at utdanning går føre seg under tilfredsstillande arbeidsforhold, jf. utdanningsstøttelova § 1. Departementet forventar at Lånekassen arbeider i tråd med dei overordna føringane og prioriteringane på feltet, jf. kap. 4 nedanfor.

For å oppfylle formåla i utdanningsstøttelova har Kunnskapsdepartementet fastsett desse måla og styringsparametrane for Lånekassen for 2025:

| Mål 1   | Nr.  | Styringsparameter   | Rapporteringshyppigheit |
|---|------|---|-------------------------|
| <b>Like<br/>moglegheiter til<br/>utdanning<br/>gjennom<br/>finansiering av<br/>kompetansebeho<br/>va til den<br/>einskilde og<br/>samfunnet</b> | 1.1. | Treffsikker finansiering<br>av utdanningskostnader<br>og livsopphald                          | Årleg                   |
|   | 1.2  | Legge til rette for<br>samfunnet si noverande<br>og framtidige<br>kompetanseutvikling         | Årleg                   |
|   | 1.3  | Tilgang til relevant<br>finansiering ut frå<br>den einskilde sitt<br>kompetansebehov          | Årleg                   |
| Mål 2   | Nr.  | Styringsparameter   | Rapporteringshyppigheit |
| <b>Ein enklare<br/>kvardag for alle i<br/>utdanning og<br/>alle med<br/>utdanningslån</b>   | 2.1  | Heilskaplege, enkle<br>og raske tenester, og<br>profesjonell og<br>effektiv<br>saksbehandling | Halvårleg               |
|   | 2.2  | Finansiering til<br>studiestart   | Halvårleg               |

### 4 Regjeringa sine forventningar og prioriteringar

Utdanning, forsking og innovasjon står sentralt for at Noreg skal møte utfordringane i framtida på ein god måte. Å få dekka kompetansebehova er avgjerande for norske arbeidstakrarar, verksemder og samfunnet som heilheit. Samtidig blir det økonomiske handlingsrommet i statsbudsjetta mindre i åra som kjem. Regjeringa meiner at vi fortsett skal investere mykje i utdanning og kompetanse. Regjeringa må derfor finne rom for å prioritere viktige utdanningssatsingar i gjeldande budsjettrammer. Gitt den økonomiske situasjonen forventar departementet at Lånekassen prioriterer ressursane sine godt og er innstilt på omprioriteringar for å møte dei viktigaste samfunnsbehova.

Lånekassen er både forvaltar av utdanningsstøtteordningane og fagdirektorat. Lånekassen er ein viktig fagleg rådgjevar for departementet. Erfaringane Lånekassen har er viktig for kunnskapsbasert vidareutvikling av utdanningsstøtteordningane, og for å gi departementet råd om utdanningspolitikken generelt. Kunnskapsdepartementet ser fram til bidrag frå Lånekassen i budsjettarbeid, stortingsmeldingar og andre prosessar i kunnskapssektoren. Departementet forventar at Lånekassen bidrar til eit godt kunnskapsgrunnlag for politikkutforming på tvers av sektorar der verkemidla til Lånekassen er relevante.

Departementet forventar særleg at Lånekassen vidareutviklar kunnskapsgrunnlaget om studentøkonomi.

Lånekassen skal kontinuerleg jobbe med å utvikle informasjon og rettleiing knytt til utdanningsstøtteordningane. Ulike grupper i samfunnet har forskjellege behov for informasjon og rettleiing. Lånekassen skal derfor ha rutinar som sørger for at informasjon om dei ulike ordningane når ut til relevante målgrupper innan søknadsfristane. Lånekassen skal også ha kontinuerleg merksemd på forbetring av saksbehandlingstider for dei ulike ordningane.

Departementet viser til at for 2025 er det nye oppdrag som Lånekassen får særskilt finansiering til, sjå vedlegg «Særskilte oppdrag til Statens lånekasse for utdanning i 2025».

### **Styrke kunnskapsgrunnlaget om utdanningsstøtte**

Arbeidslivet i Noreg står overfor ei stor utfordring med knappleik på arbeidskraft og kompetanse. Perspektivmeldinga, helsepersonellkommisjonen og utsynsmeldinga peikar alle på moglege utfordringar med kompetansebehov i åra framover. For å møte desse utfordringane er det naudsynt å utnytte arbeidskraftreserven betre, og å styrke systema for etter- og vidareutdanning.

Målet for utdanningsstøtteordningane er mellom anna å bidra til like moglegheiter til utdanning og sikre samfunnet og arbeidslivet tilgang på kompetanse. Hovudtrekka for dei noverande utdanningsstøtteordningane har lege fast i over 20 år, men vi har lite kunnskap om kva for effektar dei ulike ordningane for lån og stipend faktisk har. Fordi utdanning som verkemiddel for å få fleire folk i arbeid er viktig, jf. Meld. St. 33 (2023-2024) *En forsterket arbeidslinje*, aukar grenseflatene til arbeidsmarknadspolitikken. Det er for lite kunnskap om kva for betydning innretninga av utdanningsstøtteordningane har for rekruttering til utdanning, for gjennomføring av utdanning og arbeidsmarknadsutfall, og korleis innretninga av utdanningsstøtteordningane heng saman med resten av utdanningssystemet.

### **Styrke samarbeid med andre verksemder**

Mange av utfordringane som Lånekassen skal bidra til å løyse ligg i kryssingsfeltet mellom kunnskapssektoren og andre sektorar. For å løyse samfunnsoppdraget på en god måte, må direktoratet også samarbeide med andre verksemder både i og utanfor eigen sektor. Departementet ser at det framover er viktig at Lånekassen særleg samarbeider med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

Myndighetene for arbeidsmarknad, integrering og utdanning har som eit felles mål at fleire skal ha moglegheit til å fullføre ein fagopplæring og få ein varig tilknyting til arbeidslivet. Verkemidla for å lykkast ligg både i Arbeids- og velferdsdirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, Lånekassen og Ut danningsdirektoratet. Utvida rettigheter i ny opplæringslov legg til rette for at fleire kan ta ei fag- og yrkesopplæring. For å bidra til at verkemiddel og system støtter betre opp om kvarandre slik at fleire fullfører ei fagopplæring, er det viktig at dei ulike direktorata har god kontakt med kvarandre for utveksling av kunnskap og erfaring på sine område, og samarbeider ved innføring av nye verkemiddel og endringar i regelverk.

Data i Lånekassen må vere av god kvalitet, tilgjengelege og relevante for analysar og kunnskapsbygging. Lånekassen skal vidareutvikle eigne data for deling i kunnskapssektoren, til forsking og til statistikk. Kunnskapsdepartementet forventar at verksemdene i kunnskapssektoren aukar innsatsen med datadeling og «Orden i eget hus» (j.fr. digitaliseringsrundskrivet kap. 1.2). Gjennom KUDAF-programmet har HK-dir utvikla felles speleregler og tenester som verksemdene bør nytte for å dele data for analyse, innsikt og innovasjon, og bidra til ein sterkare kultur for samarbeid om data i sektoren og mellom utdanningssektoren og andre sektorar.

#### 4.1 Klagesaker

Departementet viser til Sivilombodet sin uttale i sak [2023/2751](#), kor ombodet konkluderte at vedtaket frå Lånekassen si klagenemnd ikkje tilfredsstilte krav etter forvaltingslova om å grunngi vedtak. Departementet ber om at klagenemnda i 2025 arbeidar for å forbetre grunngivingane i framtidige vedtak i tråd med krava i [forvaltingslova § 25](#). Grunngivingar i vedtaka skal sette kunden i stand til å forstå korleis det er kome fram til avgjerda utan at kunden må be om det, og er eit sentralt bidrag til å sikre rettstryggleik for kundane.

#### 4.2 Budsjett og regelverk

Lånekassen har ansvar for å gjennomføre endringar i eige regelverk på ein effektiv og sikker måte. Ansvaret for å fastsetje forskriftene ligg i departementet, men direktoratet har ei sentral rolle i det førebuande arbeidet. Dette inkluderer at Lånekassen leverer bidrag til dei årlege utkasta til høyringsnotat i høvesvis forskrift om utdanningsstøtte og forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån, når det er planlagt rettsendringar, og i nokre tilfelle tilleggsbestillingar om regelverksendringar som kjem av oppdrag undervegs i året.

Departementet vil i løpet av våren gi eit oppdrag som innehold kva for politisk initierte saker vi ønskjer omtale av. Lånekassen skal innan **1. juni 2025** sende departementet bidrag til omtale og forslag til endringar i ordlyd i regelverket som skal inngå i departementet sine høyringsnotat. Departementet vil deretter sette saman dei heilskaplege høyringsnotata og ha dialog med Lånekassen om det vidare arbeidet med utkasta, og om fristar for forskriftsarbeidet.

Lånekassen skal innan **15. desember 2025** levere ein oppdatert versjon av endringsforskrifta med dei justerte satsane for lån- og stipend og grensa for inntekt, formue og trygde- og pensjonsytingar som skal gjelde for behovsprøving i utdanningsstøtteregelverket for året som kjem.

Lånekassen skal levere budsjettforslag (forslag til eventuelle satsingar, innsparingar eller omdisponeringar) for 2027 innan **1. november 2025**. Budsjettforslaget gjeld både utdanningsstøttebudsjettet og eventuelle særskilde administrative tiltak. Eventuelle regeltekniske endringar som ikkje påverkar rettane til søkerane, skal ikkje inngå i budsjettforslaget. Utforminga av budsjett- og forskriftsforsлага skal vere i tråd med [Utredningsinstruksen](#). Departementet kjem tilbake til Lånekassen med konkrete bestillingar, i samband med dei einskilde budsjetrundane. Dei mest omfattande budsjetrundane er skildra i oversikta i kapittel 9.

#### 4.3 Kontroll – misbruk og feil

Lånekassen skal motverke at utdanningsstøtteordningane blir misbrukt, og at lån og stipend blir utbetalte på feil grunnlag. For å redusere risikoen for misbruk skal Lånekassen gjennomføre naudsynte kontrollar. Kva for omfang kontrollane skal ha, og kva ordningar dei skal gjelde for, skal vere basert på ein risikovurdering i Lånekassen.

### 5 Tildeling av midlar

Stortinget vedtok 18. desember 2024 løyvingane på budsjettpostane under Kunnskapsdepartementet sine kapittel i statsbudsjettet for 2025. Vi viser til Innst. 5 S (2024–2025), Innst. 12 S (2024–2025) og Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet.

Tabellen under viser dei tildelingane som er stilt til disposisjon for Lånekassen i 2025.

Departementet har gitt tildelingane med etterhald om at Stortinget kan vedta budsjettendringar i 2025.

(Tal i 1000 kroner)

| Kap./post  | Postnemning   | Løyving           | Disponert av<br>KD | Tildeling til<br>Lånekassen |
|--|---|-------------------|--------------------|-----------------------------|
| <b>Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning</b> |   |                   |                    |                             |
| Post 01  | Driftsutgifter  | 476 165           |                    | 476 165                     |
| Post 45  | Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i> | 51 075            |                    | 51 075                      |
| Post 50  | Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>                                | 9 545 390         | 9 545 390          |                             |
| Post 70  | Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>  | 4 116 162         |                    | 4 116 162                   |
| Post 71  | Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>  | 576 805           |                    | 576 805                     |
| Post 72  | Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>  | 3 763 095         |                    | 3 763 095                   |
| Post 73  | Avskrivingar, <i>overslagsløyving</i>   | 1 038 667         |                    | 1 038 667                   |
| Post 74  | Tap på utlån  | 340 500           |                    | 340 500                     |
| Post 90  | Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>   | 44 322 610        |                    | 44 322 610                  |
|  | <b>Sum kap. 2410</b>  | <b>64 230 469</b> | <b>9 545 390</b>   | <b>54 685 079</b>           |
| <b>Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning</b> |   |                   |                    |                             |
| Post 04  | Refusjon av ODA-godkjende utgifter  | 2 000             |                    | 2 000                       |
| Post 29  | Termingebyr   | 1 870             |                    | 1 870                       |

|                  |  |            |  |            |
|------------------|--|------------|--|------------|
| Post 89          | Purregebyr                                 | 109 229    |  | 109 229    |
| Post 90          | Redusert lån og rentegjeld                 | 14 754 325 |  | 14 754 325 |
| Post 93          | Omgjering av utdanningslån til stipend     | 8 651 746  |  | 8 651 746  |
|                  | <b>Sum kap. 5310</b>                       | 23 519 170 |  | 23 519 170 |
| <i>Kap. 5617</i> | Renter frå Statens lånekasse for utdanning |            |  |            |
| Post 80          | Renter                                     | 13 852 239 |  | 13 852 239 |
|                  | <b>Sum kap. 5617</b>                       | 13 852 239 |  | 13 852 239 |

Lånekassen må søkje om overføring av ubrukt løyving frå 2024 til 2025 på kap. 2410, post 01 innan 1. februar 2025. Eventuelle overføringer blir tildelt i eit tillegg til tildelingsbrev våren 2025. Det er lagt inn ein anslått heilårsverknad av lønnsoppgjeret for 2024 i statsbudsjettet for 2025. Løyving for lønnsregulering i 2025 som følgje av lønnsoppgjeret i 2025 blir behandla som eiga sak i Stortinget. Departementet sender supplerande tildelingsbrev om dette i oktober/november 2025. Endringar i utdanningsstøtteordninga som kjem av vedtak frå Stortinget blir sett i verk gjennom forskrift om utdanningsstøtte, forskrift om godkjenning for utdanningsstøtte i Norge og forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån. Departementet vil oversende forskriftene etter at dei er fastsett. Se elles omtale i Prop. 1 S (2024–2025). Økonomiforvaltning i Lånekassen skal vere i samsvar med gjeldande regelverk og instruksar, jf. bl.a. løyvingsreglementet, rettleiaren i statleg budsjettarbeid, reglementet for økonomistyring i staten med tilhøyrande føresegner og verksemds- og økonomiinstruks for Statens lånekasse for utdanning, fastsett 1. januar 2023. Disponeringa av budsjettet skal vere i samsvar med vedtak i Stortinget og tildelingane frå departementet.

## Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

### Post 01 Driftsutgifter

Tildelinga på driftsposten skal dekkje alle utgifter til lønn og til anna drift av verksemda. For nærmere omtale av posten, sjå Prop. 1 S (2024–2025). Tildelinga på posten inkluderer:

- 10 mill. kroner i varig auke til forvaltninga av det nye kompetanselånet.
- 13 mill. kroner til utvikling av ein digital løysing for sletting av utdanningsgjeld i utvalde distriktskommunar.
- 1,4 mill. kroner til utvikling for å leggje om praksisen for innkrevjing av forseinkingsrenter.

### Post 45 Større utstyrssinnkjøp og vedlikehald

Tildelingane under denne posten skal finansiere større utstyrssinnkjøp og vedlikehald. Dette inkluderer 25 mill. kroner til naudsynt utvikling og vedlikehald av IT-systema i Lånekassen, og 10 mill. kroner til å føre vidare arbeidet med å tilpasse systemet for vaksne i grunnskule- og vidaregåande opplæring og til system for sletting av gjeld for lærarar. Tildelinga inkluderer også 14,5 mill. kroner til finansiering av at Lånekassen skal delta vidare i prosjektet *Framtidas innkrevjing*.

## 5.2 Andre poster på kap. 2410

Stikkordsfullmaktene på post 50, 70, 71, 72, 73 og 90 kjem fram av tabellen over og blir delegert frå departementet til Lånekassen i samband med tildelingane. Overslagsløyvingar opphevar ikkje plikta Lånekassen har til å be om tilleggsløyvingar eller å be om reduserte løyvingar. For nærmere omtale av postane på kap. 2410, sjå Prop. 1 S (2024–2025).

### **5.3 Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning**

For omtale av postane på kap. 5310, sjå Prop. 1 S (2024–2025).

### **5.4 Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning**

For omtale av post 80 på kap. 5617, sjå Prop. 1 S (2024–2025).

## **6 Fullmakter**

### **6.1 Fullmakter knytt til budsjettvedtaket frå Stortinget**

Kunnskapsdepartementet si fullmakt til å gi tilsegn om å utbetale lån og stipend for første halvår 2026 etter dei satsane som blir fastsett for andre halvår 2025, jf. kap. 2410, post 70, 71, 72 og 90, samt kap. 5617, post 80, blir delegert til Lånekassen. Sjå tilsegnsfullmakt nr. 3 i Innst. 12 S (2024–2025), jf. Prop. 1 S (2024–2025).

Kunnskapsdepartementet si fullmakt til å gi tilsegn til omgjering frå lån til stipend første halvår 2025 etter dei satsane som blir fastsett for andre halvår 2025, jf. kap. 2410, post 50, blir delegert til Lånekassen. Sjå tilsegnsfullmakt nr. 4 i Innst. 12 S (2024–2025), jf. Prop. 1 S (2023–2024).

Kunnskapsdepartementet gir Lånekassen fullmakt til å inntektsføre uteståande midlar mot Konverteringsfondet i same periode som konverteringa av lån til stipend blir gjort, og mot Lånekassens mellomverande med statskassa, jf. Prop. 1 S (2024–2025) vedtak VII.

Mellomverandet blir utlikna i den følgjande perioden når oppgjaret blir overført frå Konverteringsfondet.

### **6.2 Vidaredelegering av fullmakter delegert frå Kongen og Finansdepartementet**

Kunnskapsdepartementet delegerer følgjande fullmakter til Lånekassen for budsjettåret 2025:

- nettoføre ved utskifting av utstyr på post 01, slik at inntekter frå sal av brukte utstyr kan førast på post 01, jf. punkt 2.2 i rundskriv R-110
- inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret, jf. punkt 2.3 i rundskriv R-110
- overskride løyvinga på post 01 med inntil 2 prosent av løyvinga mot tilsvarende meirinntekter, jf. punkt 2.4 i rundskriv R-110
- omdisponere inntil 5 pst. av løyvinga under post 01 til post 45, jf. punkt 2.5 i rundskriv R-110
- overskride driftsløyvinga med inntil 5 pst. til investeringsformål, mot tilsvarende innsparing i 3 etterfølgjande budsjettår, jf. punkt 2.6 i rundskriv R-110 12

Fullmaktene skal disponerast i tråd med vilkåra som Finansdepartementet har sett i rundskriv R-110.

### **6.3 Fullmakt til å utbetale erstatning som følge av krav mot staten**

Kunnskapsdepartementet gir Lånekassen fullmakt til å belaste kapittel 471 *Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning*, post 71 *Erstatningsansvar m.m.* for erstatningar som er omfatta av rundskriv G-01/2017 frå Justis- og beredskapsdepartementet. Departementet presiserer at Lånekassen er ansvarleg for at vilkåra for å utgiftsføre erstatningsutbetalingar på kap. 471 post 71 er oppfylte i samsvar med føresegne i rundskrivet, og at Justis- og beredskapsdepartementet blir varsle i samsvar med rundskrivet punkt 4.

## **7 Føringar**

### **7.1 Regjeringa sine fellesføringar til alle statlege verksemder**

#### **Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk**

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Lånekassen skal følgje opp dette målet. Lånekassen skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet. Lånekassen skal òg vurdere korleis klimaendringane vil påverke verksemda. Lånekassen skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

#### **Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring**

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfold. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik. Lånekassen skal i årsrapporten oppgi tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller fråvær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2025, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2025. Lånekassen skal òg omtale utviklinga i 2025 samanlikna med rapporteringa si for 2024.

#### **Redusere bruk av konsulentar**

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Lånekassen skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. Lånekassen skal i årsrapporten for 2025 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i Lånekassen, skal bakgrunnen for dette omtalast nærmare.

Lånekassen skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2025 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærmare i note til

årsregnskapet. Om Lånekassen har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

## **7.2 Føringar for Kunnskapsdepartementet sine underliggende verksemder**

### **Tryggleik og beredskap**

*Styringsdokument for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor* skal vere grunnlaget for arbeidet med samfunnstryggleik, nasjonal tryggleik, informasjonstryggleik og personvern. Rapporteringskrava nedanfor speglar dei krava styringsdokumentet stiller. Eit skarpere sikkerhetsbilete føreset at Lånekassen held seg oppdatert om trusselvurderingar frå nasjonale fagstyresmakter.

Lånekassen skal i årsrapporten for 2025 rapportere om dette:

1. Korleis kartlegg Lånekassen eigne verdiar og avhengnader med omsyn til nasjonal tryggleik? Dersom kartlegging og vurdering av verdiar og avhengnader ikkje er gjennomført, kva planar har Lånekassen for dette arbeidet?
2. Kva tid reviderte Lånekassen sist ROS-analysen sin? Kva for overordna område er identifiserte som dei med høgast risiko for verksemda?
3. Gjer overordna greie for dei viktigaste læringspunktta frå kris- og beredskapsøvingar som er gjennomførte i 2025.
4. Gjer greie for arbeidet verksemda gjer med tryggleksstyring, her medrekna etablering av styringssystem for tryggleik etter tryggingslova, leiingssystem for informasjonstryggleik og internkontroll for personvern, inkludert korleis verksemda samordnar desse tiltaka med kvarandre og med verksemddsstyringa elles.

## **8 Rapportering**

### **8.1 Rapportering på måloppnåing**

Lånekassen skal, ved behov og på eige initiativ, melde til KD om eventuelle avvik og uønskte hendingar av tilstrekkeleg alvorsgrad, til dømes saker frå Sivilombodet og i rettsapparatet.

Lånekassen skal i årsrapporten rapportere på begge måla med tilhøyrande styringsparametrar. I tillegg skal Lånekassen rapportera på styringsparameter 2.2 i sin heilskap og utvikling i behandlingstid, som angitt i styringsparameter 2.1 i halvårsrapport.

### **8.2 Årsrapport**

Lånekassen skal årleg utarbeide ein årsrapport til Kunnskapsdepartementet. Det blir vist til retningslinjer frå Finansdepartementet (R-115) og rettleiar frå Direktoratet for økonomistyring (DFØ) for krav til innhald i årsrapporten. Lånekassen skal rapportere på alle oppdraga i dette tildelingsbrevet, jf. Punkt x, inkludert eventuelle supplerande tildelingsbrev.

Finansdepartementet har oppdatert rundskriv R-114 om bruk av dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), som alle statlege verksemder skal ta i bruk innan 2027. Lånekassen førar rekneskap etter kontantprinsippet. Lånekassen skal utarbeide og sende

årsrapport for 2024 til departementet innan **15. mars 2025**. Lånekassen skal også sende årsrapporten til Riksrevisjonen.

Når det gjeld krav til årsavslutning av verksemda sitt rekneskap og fristar for innrapportering til Direktoratet for økonomistyring, viser vi til årleg rundskriv fra [Finansdepartementet](#) (Statsregnskapet for 2024 – Årsavslutning og fristar for innrapportering). Departementet ber om at direktoratet i årsrapporten gjer greie for større avvik mellom tildelt beløp og rekneskapsført beløp. For rapportering på fellesføringar for 2024, skal direktoratet gjere seg kjent med [rundskriv D-2/24](#).

I årsrapporten skal Lånekassen også gjere greie for status for likestilling i verksemda i tråd med forklaringsplikta.

### **Rapportering på måloppnåing**

Arbeidet med måla er grunnleggande for Lånekassen sine leveransar til sine brukarar, departementet og allmenta. Lånekassen må derfor rapportere om og vurdere måloppnåinga på mål og styringsparameter, som angitt i måltabell, jf. krav om rapportering under pkt. 3. Rapporteringa skal vise korleis Lånekassen arbeider for å nærme seg måloppnåing i eit langsiktig perspektiv. Departementet ønsker at Lånekassen har merksemd på følgande områder i rapporteringa på overordna mål, med tilhøyrande styringsparameter:

#### ***Mål 1: Like moglegheiter til utdanning gjennom finansiering av kompetansebehov til den einskilde og samfunnet***

Når det gjeld mål 1 ønsker departementet at Lånekassen rapporter kvalitativt om og vurderer måloppnåinga på dette målet, jf. krav om rapportering på styringsparametre.

##### **Styringsparameter 1.1:**

###### **Treffsikker finansiering av utdanningskostnader og livsopphald**

Lånekassen skal rapportere kvalitativt på denne styringsparameteren.

##### **Styringsparameter 1.2:**

###### **Legge til rette for samfunnet sin noverande og framtidige kompetanseutvikling**

Lånekassen skal rapportere kvalitativt ved å greie ut om større regelendringar og innføring av nye ordningar og moglege konsekvensar av desse.

##### **Styringsparameter 1.3:**

###### **Tilgang til relevant finansiering ut frå den einskilde sitt kompetansebehov**

Lånekassen skal rapportere kvalitativt ved å beskrive innsats på området for ulike brukargrupper.

#### ***Mål 2: Ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån***

For mål 2 ønsker departementet at Lånekassen rapporterer både kvantitativt og kvalitativt om og vurderer måloppnåing på dette målet, jf. krav om rapportering på styringsparametrane.

##### **Styringsparameter 2.1:**

### *Heilskaplege, enkle og raske tenester, samt profesjonell og effektiv saksbehandling*

Lånekassen skal rapportere kvantitativt på utvikling i behandlingstid, produksjonskvalitet, prioritering og effekter av utviklingstiltak, og brukartilfredsheit.

#### **Styringsparameter 2.2:**

##### *Finansiering til studiestart*

Lånekassens skal rapportere på del/tal utbetalingar på gitte måletidspunkt, samt beskrive tiltak for å sikre måloppnåing.

### **8.3 Publisering av årsrapport, årsrekneskap og tildelingsbrev**

Årsrapporten, årsrekneskapen, tildelingsbrevet og ev. tillegg til tildelingsbrev skal publiserast på Lånekassens nettside, jf. føresegner om økonomistyring i staten pkt. 2.3.2 og 2.3.3. Tildelingsbrevet, inkludert signert oversendingsbrev, publiserast på Lånekassen sine nettsider innan éi veke etter at det er motteke. Årsrapporten og årsrekneskapen skal publiserast innan **2. mai 2025**.

Lånekassen skal også publisere Riksrevisjonens revisjonsberetning så snart denne ligg føre.

### **8.4 Innspel til Prop. 1 S (2025–2026)**

Vi ber om at Lånekassen utarbeider innspel til departementet si rapportering om Lånekassen si verksemeld og sine resultat i Prop. 1 S (2025–2026). Rapporteringa i budsjettframlegget til Prop. 1 S (2025–2026) gjeld året 2024. Teksten skal vere på den målforma proposisjonen blir skrive på. Fristen for innspel om driftsbudsjettet (kap. 2410 post 01) er **15. april 2025**. Lånekassen skal også rapportere på endringar i støttebudsjettet (relevante postar på kap. 2410, 5310 og 5617). Fristen for innspel om erfaringar knytt til endringar gjort i støttebudsjettet er **2. mai 2025**.

### **8.5 Resultat- og økonomirapport per 31. juli 2025 (halvårsrapport)**

Resultatrapporten skal gi status per 31. juli 2025 samt prognosar for forventa resultat for heile 2025. Oppnådde resultat skal vurderast ut frå resultatkrava. Eventuelle avvik skal forklarast, og eventuelle igangsette eller planlagde tiltak for å redusere avvik skal omtalast.

Lånekassen skal også gjere heilt kort greie for overordna risikovurderingar i samsvar med pkt. 9.3 dersom risikoane er nemneverdig endra sidan Lånekassen presenterte risikovurderinga si på etatsstyringsmøtet. Lånekassen skal sende resultatrapporten til KD innan 1. oktober 2025.

Lånekassen skal også utarbeide ein økonomirapport med status per 31. juli og prognosar for 2025 på postnivå for kap. 2410 post 01. Verksemda skal kommentere eventuelle avvik og faseforskyvingar. Lånekassen skal sende økonomirapporten til departementet innan 1. oktober 2025, dvs. samtidig med resultatrapporten.

### **8.6 Klagesaker og klagenemnda si beretning**

Klagenemnda til Lånekassen har ansvar for å levere ein årsrapport for sitt arbeid.

Klagenemnda si årsrapport skal komme i tillegg til eventuell omtale av klagesaksbehandling i Lånekassen si årsrapport. Årsrapporten skal innehalde klagenemnda sine vurderingar av

eige arbeid i det føregåande året, samt utviklingstrekk i klagesakene og ein oversikt over tall og type klager som nemnda har arbeidd med. Det er også venta at årsrapporten omtaler korleis nemnda har følgt opp dei nye krava i revidert instruks for klagenemnda sitt arbeid av august 2024, samt arbeidet med å forbetra grunngivinga i nemnda sine vedtak. Rapporten frå nemnda skal inngå som eit tillegg til Lånekassen si årsrapport som skal sendast til departementet innan **15. mars 2025**. Rapporten til klagenemnda skal også vere offentleg publisert.

## 8.7 Analyser av effekten av ulike ordningar

Lånekassen skal alltid sørge for eit tilstrekkeleg godt datagrunnlag for seinare analyse og evaluering når det gjennomførast større regelendringar eller innførast nye ordningar.

Lånekassen skal rapportere til departementet om effektar og verknader av nye ordningar, og i den grad et er mogleg skal dette vere utover berre deskriptiv statistikk. Det er også behov for rapportering og analyser knytt til etablerte ordningar. Dette gjeld vurderingar av treffsikkerheit og måloppnåing for ordningane og kva for effektar desse har for aktuelle brukargrupper, både isolert og sett i samanheng med andre ordningar. Lånekassen kan gjere slike analyser og rapporteringar etter bestilling frå departementet eller på eige initiativ.

# 9 Styringsdialogen i 2025

## 9.1 Faglege dialogmøte

Departementet og Lånekassen skal jamleg og ved behov ha faglege kontaktmøte om aktuelle tema. Dette kan være på leiarnivå og/eller på saksbehandlarnivå, og både direktorat og departement kan ta initiativ til slike møter.

## 9.2 Etatsstyringsmøte

Kunnskapsdepartementet innkallar til etatsstyringsmøte mellom departementet og Lånekassen i april/mai 2025. Det kan også bli arrangert styringsmøter ved behov gjennom året.

## 9.3 Risikostyring

Måla for verksemda til Lånekassen er skildra over. Risikovurderingar er ein integrert del av departementet si mål- og resultatstyring. Lånekassen skal gjere sjølvstendige vurderingar av risiko for avvik i måloppnåinga. Desse forholda skal inngå i Lånekassen si styring:

1. Omtale og vurdering av risiko, sannsynet for avvik, konsekvensar av dette og avviket si viktigkeit knytt til verksemda si måloppnåing.
2. Ei vurdering av risiko for at utdanningsstøtte eller betalingslettar er gitt til elevar, studentar eller tilbakebetalarar utan å vere i samsvar med utdanningsstøttelova med forskrifter, og ei vurdering av eventuelle tiltak.
3. Ei generell vurdering av toleranse for risiko og ei vurdering av om tiltak skal setjast i verk for å redusere risiko til eit akseptabelt nivå. Risikoreduserande tiltak skal gjennomførast innanfor Lånekassen si ressursramme.

Lånekassen skal levere ein eigen rapport med risikovurderingar for inneverande år saman med årsrapporten, og presentere desse i etatsstyringsmøtet. I halvårsrapporten skal

Lånekassen kort presentere oppdaterte risikovurderinger og gjøre greie for korleis desse ligg til grunn for styringa av verksemda i 2025.

## Oversikt over rapporteringsfristar i 2025 og fristar for innspel til statsbudsjettet

Nedanfor er ei oversikt over hovudtrekka i den formaliserte kontakten mellom Lånekassen og Kunnskapsdepartementet, samt rapporteringsfristar. Planen er tentativ og kan endrast i løpet av året. KD vil sende eigne bestillingar i budsjettarbeidet.

| Dato  | Sak  | Aktivitet   |
|---|--|---|
| 10. januar:<br>foreløpige anslag<br>25. januar: endelige<br>anslag med<br>kommentarar | Konsekvensjustering av<br>utdanningsstøttepostane i 2026-<br>budsjettet  | Levere innspel til KD   |
| 1. februar  | Frist for å søke om overføring av<br>ubrukta løyving fra 2024 til 2025   |   |
| 15. mars  | Revidert nasjonalbudsjett 2025   | Levere innspel til KD   |
| 15. mars  | Årsrapport med rekneskap /<br>Prop. 1 S  | Leverer årsrapport samt innspel til<br>Prop. 1 S, jf. pkt. 8.2 og 8.4   |
| Ca. 22 mars   | Budsjettforslag 2026   | Budsjetteffektar av forventa vekst i<br>KPI for 2026  |
| 19. april   | Prop. 1 S  | Levere innspel til rapport på post 01,<br>jf. pkt. 8.4  |
| april/mai   | Etatsstyringsmøte  | Møte mellom KD og Lånekassen, jf.<br>punkt 9.2  |
| 2. mai  | Prop. 1 S  | Levere innspel til rapport<br>utdanningsstøttepostane, jf. pkt. 8.4   |
| 30. juni  | Rammefordeling av 2026-<br>Budsjettet  | Levere innspel til KD   |
| 1. juni   | Bidrag til høringsnotat om<br>endringar i forskrift om<br>utdanningsstøtte og forskrift om<br>tilbakebetaling av utdanningslån | Levere bidrag etter oppdrag frå KD<br>til høringsnotat for endringar som<br>gjelder frå høvesvis studieåret 2026-<br>2027 og kalenderåret 2026 til KD |
| Ca. 1. august   | Budsjettforslag 2026   | Budsjetteffektar av nytt KPI-anslag<br>for 2025   |
| 1. oktober  | Halvårsrapport   | Levere halvårsrapporten og<br>økonomirapporten, jf. pkt. 8.5  |
| 1. november   | Budsjettforslag 2027   | Levere innspel til KD   |
| 10. oktober   | Omgruppering/nysaldering av<br>2025-budsjettet   | Levere innspel til KD   |
| Primo/medio<br>november   | Tildelingsbrev 2026  | KD sender utkast til Lånekassen   |
| Medio/ultimo<br>November  | Tildelingsbrev 2026  | Lånekassen sender sine merknader<br>til KD  |
| 15. desember  | Forskrifter  | Levere fulltekstversjon av  |

|                |                     |   |
|----------------|---------------------|---|
|                |                     | endringsforskrifter med oppdaterte lån- og stipendsatsar og behovsprøvingsgrenser, ref. pkt. 4.5..          |
| Medio desember | Tildelingsbrev 2026 | KD sender endeleg tildelingsbrev til Lånekassen, etter stortinget si handsaming av statsbudsjettet for 2026 |

## Vedlegg til tildelingsbrev – 2025: Særskilte oppdrag til Statens lånekasse for utdanning i 2025.

Kunnskapsdepartementet (KD) viser til Prop. 1 S (2024-2025) for Kunnskapsdepartementet.

|                    |   |
|--------------------|---|
| <b>Oppdrag nr:</b> | <b>2025-01 om gjeldssletting i distrikta</b>  |
| <b>Oppdrag:</b>    | Innføre løysing med gjeldssletting i distrikta og Finnmark og Nord-Troms  |
| <b>Frist:</b>      | Rapportering underveis dersom problem oppstår<br>Nytt system skal vere klart for å handtere søknadar frå 1. januar 2026 |
| <b>Tildeling:</b>  | Oppdraget finansierast med ei tilleggsøyning på 13 mill. kroner under kap. 2410 post 01.                                |

### Bakgrunn:

Regjeringa vil gjere det meir attraktivt å busetje seg og arbeide i distrikta, og har derfor foreslått å innføre ei ny ordning for sletting av studielån. Gjennom ordninga kan personar som bur i dei minst sentrale kommunane, få sletta 25 000 kroner av gjelda i året. Det vil bli stilt krav om at ein er yrkesaktiv, og ordninga har ei oppteningstid med krav om busetjing i 12 månader som startar tidlegast 1. januar 2025. Alle kommunane i sentralitetsklasse 5 og 6 i SSBs sentralitetsindeks vil vere omfatta av ordninga. Saman med opprettninga av den nye ordninga, vil regjeringa forbetre vilkåra i den eksisterande gjeldssletteordninga i tiltaksona, frå 1. januar 2026. Her vil den årlege satsen for gjeldssletting doblast, frå 30 000 kroner til 60 000 kroner.

### Kort omtale av oppdraget:

Kunnskapsdepartementet har i Prop. 1 S (2024–2025) for løyvd 13 mill. kroner til å utvikle teknisk løysing som automatisk vurderer krav om yrkesaktivitet. Løysinga skal kunne vere overførbart til andre delar av utdanningsstøtteordninga. Dersom det er vilkår som ikkje lar seg gjere å automatisere, skal Lånekassen rapportere til Kunnskapsdepartementet om dette underveis og på eiga initiativ utarbeide forslag til alternative løysingar. Dette kan til dømes innebere at Lånekassen leverer forslag til nødvendige regelverksendringar for å få ein heilautomatisk ordning på plass dersom det ikkje er gjennomførleg innanfor dei tekniske moglegheita. Lånekassen skal i tillegg syte for at ny løysing er integrert i ny ordning for gjeldssletting for distrikta og eksisterande ordning for gjeldssletting for Finnmark og Nord-Troms. Ordningane skal vere på plass slik at låntakarar kan frå 1. januar 2026 søke om gjeldssletting etter dessa ordningane.

Det vil vere behov for å følgje med på og evaluere ordningane i tiden etter opprettninga. Vi ber om at systemløysinga som blir utvikla, blir lagt opp slik at det vil vere mogleg å vurdere treffsikkerheita i ordningane.

|   |   |
|---|---|
| <b>Oppdrag nr:</b>  | <b>2025-02 om utgreiing av kvalifikasjonskrav for lån og stipend til utdanning i utlandet</b>   |
| <b>Oppdrag:</b>   | Kvalifikasjonskrav ved utdanning i utlandet. Fellesoppdrag til Lånekassen og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) |
| <b>Frist:</b>   | Første delleveranse: 1. april 2025<br>Andre delleveranse: 1. november 2025  |
| <b>Tildeling:</b>   | Oppdraget skal vere finansiert innanfor gjeldande budsjetttramme.   |
| <b>Bakgrunn :</b>   |   |
| <p>Krav for opptak til høgare utdanning i Noreg, blant anna GSK, gjeld som hovudregel også som krav for å få lån og stipend fra Lånekassen til høgare utdanning i land utanfor Norden. Krava har lege fast over mange år og skal bidra til å sikre at studentar har dei nødvendige føresetnadene for å kunne gjennomføre utdanninga dei blir tekne opp til, og samstundes vere eit risikoreduserande tiltak ved spesielt kostbare utdanningsar. Risikoene det her visast til gjeld risikoene for tap for staten og for uforholdsmessig høg gjeld for studentane. Regjeringa har laga ein ny modell for opptak til høgare utdanning i Noreg, jf. Meld. St. 20 (2023–2024) <i>Opptak til høgare utdanning</i>, som bør vurderast opp mot krava i utdanningsstøtteregelverket.</p> |   |
| <b>Kort omtale av oppdraget:</b>  |   |
| <p>Departementet ber HK-dir og Lånekassen saman greie ut i kva grad og korleis kriteria som gjeld i dag og i den nye modellen for opptak til høgare utdanning i Noreg kan speilast som kvalifikasjonskrav for lån og stipend til utdanning i utlandet i regelverket for utdanningsstøtte: Er det mogleg å bruke dei same vilkåra for opptak til høgare utdanning i Noreg som krav for lån og stipend til utlandet? Direktorata skal vurdere korleis dei skal kunne fordele ansvaret seg imellom for å vurdere kompetansen til søkerane. Dette er første delleveranse.</p>   |   |
| <p>Som del to av oppdraget skal direktorata greie ut ulike alternativ til generell studiekompetanse som kvalifikasjonskrav. Departementet ønsker at utgreiinga vurderer innretting og formål, samt ei risikovurdering av ulike alternativ med konkrete forslag til risikoreduserande tiltak.</p>  |   |
| <p>Første delleveranse skal direktorata levere innan 1. april 2025. Andre del av leveransen skal vere levert innan 1. november 2025.</p>  |   |
| <p>Departementet vil utdjupe oppdraget i eit eige brev etter dialog med direktorata.</p>  |   |

Kunnskapsdepartementet (KD) viser til Prop. 1 S (2024-2025) for Kunnskapsdepartementet.

|  |   |
|--|---|
| <b>Oppdrag nr:</b>   | <b>2025-03 om kontinuerleg modernisering av IT-systema i Lånekassen</b>                               |
| <b>Oppdrag:</b>  | Kontinuerleg modernisering av IT-systema i Lånekassen   |
| <b>Frist:</b>  | Oppstart av løpende oppdrag. Det kan komme delfrister undervegs i oppdraget på eit seinare tidspunkt. |
| <b>Tildeling:</b>  | Oppdraget skal bli finansiert innanfor gjeldande budsjetttramme under kap 2410 post 45                |
| <b>Bakgrunn:</b>   |   |
| <p>Lånekassen er eit digitalt masseforvaltningsorgan med høg grad av maskinell saksbehandling og med få saksbehandlarar sett opp mot kundemassen på ca. 1,2 millionar. Direktoratet er derfor heilt avhengig av effektive og velfungerande IT-system for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag, og for å kunne nå dei måla som er sett for Lånekassen. Dette er også avgjerande for at Lånekassen skal kunne brukast som verkemiddel for ulike politikkområde.</p> |   |

Videre må IT-systema bli forvalta og vidareutvikla for å ivareta behova som elevar og studentar har til digitale tenester frå Lånekassen både i dag og i åra framover, samt for å oppretthalde effektiviteten i Lånekassen sitt saksbehandlingssystem som primært er heildigitalt. I tillegg må systema sikre at Lånekassen sine saksbehandlarar har ein effektiv arbeidskvardag også i framtida.

#### **Kort omtale av oppdraget:**

Kunnskapsdepartementet har i Prop 1 S (2024-2025) løyvd midlar til naudsynt utvikling og vedlikehald av IT-systema i Lånekassen. Løyvingane skal bidra til at Lånekassen får redusert teknisk etterslep og aukar graden av løpande teknisk modernisering for å leggje til rette for å kunne nå dei måla som er sett for Lånekassen og oppfylle sitt samfunnsoppdrag. I 2025 skal Lånekassen starte arbeidet med å handtere det tekniske etterslepet i IT-systema.

I tillegg skal departementet og Lånekassen saman etablere ein plan for styring og oppfølging av Lånekassen sitt arbeid med løpande modernisering. Planen skal bidra til å sørge for godt samarbeid i styringa og prioriteringa, og klare mål for dette arbeidet.

Kunnskapsdepartementet (KD) viser til Prop. 1 S (2024-2025) for Kunnskapsdepartementet.

|                    |   |
|--------------------|---|
| <b>Oppdrag nr:</b> | <b>2025-04 Oppdrag om rapportering på bruken av kompetanselån</b> |
| <b>Oppdrag:</b>    | Rapportering på status for bruken av kompetanselånet              |
| <b>Frist:</b>      | Løpande. Kvartalsvis rapportering.                                |
| <b>Tildeling:</b>  | Oppdraget finansierast innafor gjeldande budsjettramme.           |

#### **Bakgrunn og kort omtale av oppdraget**

Kompetanselånet blir etter planen lansert våren 2025, ei ny låneordning i Lånekassen retta mot arbeidstakrar som kombinerer jobb og kortare utdanning. Ordninga er eit nytt kompetansepolitisk verkemiddel og departementet meiner det er viktig å følgje med på bruken i oppstarten.

Lånekassen har hovudansvaret for å følge bruken av ordninga og særskilt følgje med på om utdanning blir gjennomført etter planen.

#### **Kort omtale av oppdraget:**

Lånekassen skal rapportere kvartalsvis til departementet med korte oversikter og analysar av bruken av kompetanselånsordninga. Analysane skal byggje på risikovurdering, og kan inkludere informasjon om mellom anna kven som tek ordninga i bruk, korleis ordninga blir brukt og korleis låntakarane gjennomfører utdanning, samt korleis dei betaler tilbake lånet.

Kunnskapsdepartementet (KD) viser til Prop. 1 S (2024-2025) for Kunnskapsdepartementet.

|                    |   |
|--------------------|---|
| <b>Oppdrag nr:</b> | <b>2025-05 Forprosjekt om evaluering av kompetanselån</b>   |
| <b>Oppdrag:</b>    | Forprosjekt om evaluering av kompetanselån. Fellesoppdrag til Lånekassen og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). |
| <b>Frist:</b>      | 1. november 2025  |
| <b>Tildeling:</b>  | Oppdraget skal finansierast innafor gjeldande budsjettramme. (HK-dir får 1 mill. kr på kap. 258.21.)                                  |

#### **Bakgrunn:**

Kompetanselånet, ei ny låneordning i Lånekassen retta mot arbeidstakrar som kombinerer jobb og kortare vidareutdanning, blir etter planen lansert våren 2025. Det er løyvd 628 mill.

kroner i auka utlån til ordninga i 2025, jf. Prop. 1 S for Kunnskapsdepartementet. Ordninga er eit nytt kompetansepolitisk verkemiddel og skal evaluerast.

#### Kort omtale av oppdraget:

Det er eit mål for KD å få informasjon om treffsikkerheita og effekten av kompetanselånet. HK-dir og Lånekassen skal i samarbeid greie ut korleis ordninga med kompetanselånet kan evaluerast. Endeleg frist for utgreiinga avklarast i dialog mellom KD, HK-dir og Lånekassen, når det er avklart når ordninga med kompetanselånet skal lanserast og vi veit meir om korleis ordninga blir motteken.

Frist for delleveranse hausten 2025 er 1. november. Innhaldet i delleveransen skal avklarast i dialog mellom KD og direktorata. Oppdraget blir utdjupa i eit eige brev.

### Vedlegg til tildelingsbrev:

#### Krav til årsrapport for Statens lånekasse for utdanning

Årsrapporten er eit av dei viktigaste dokumenta i styringsdialogen mellom Statens lånekasse for utdanning (Lånekassen) og Kunnskapsdepartementet. Lånekassen skal levere årsrapporten innan **15. mars 2025**, jf. tildelingsbrevet punkt 8.2. Årsrapporten skal ha ein struktur som er i tråd med dei fastsette krava frå Finansdepartementet, jf. [rettleiing](#) frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ).

Årsrapporten skal:

- gi ei samla vurdering av måloppnåinga til Lånekassen for det aktuelle året, der dei både synleggjer kva dei har lukkast med, kva for sentrale utfordringar og moglegheiter dei ser, og korleis dei planlegg å møte desse
- beskrive kva resultat og effektar Lånekassen har oppnådd og bidrege til
- gi departementet eit grunnlag for eiga rapportering til Stortinget, og for styringsdialogen mellom Lånekassen og departementet
- kvittera ut dei spesielle krava og forventningane frå tildelingsbrevet og trygge departementet på at Lånekassen blir drive i tråd med føresetnadene dei har fått frå departementet
- innehalde anna informasjon som har betydning for styringa og oppfølginga frå departementet, jf. Føresegner om økonomistyring i staten, pkt. 2.3.3.

Nedanfor ligg nokre utvalde føringer for delar av årsrapporten. Kunnskapsdepartementet viser igjen til rettleiinga frå DFØ nemnt over.

#### III. Årets aktivitetar og resultat

Del III er hovudkapittel i årsrapporten. Dette skal hovudsakleg innehalde resultatrapportering i samsvar med måla og styringsparametrane for verksemda, jf. omtale i tildelingsbrevet del 2. Rapporteringa skal også innehalde rapportering på midlane som er tildelt til verksemda, jf. punkt 5 i tildelingsbrevet.

Kunnskapsdepartementet ber Lånekassen om å rapportere særskilt om kontrollar dei har gjennomført for året.

Lånekassen bør for kvart mål og kvar styringsparameter vurdere eigne resultat både i lys av korleis dei har utvikla seg over tid, det sette ambisjonsnivået for verksemda og etter dei

pågåande strategiane deira. Lånekassen bør bruke data og andre handfaste kjelder for å belyse eiga måloppnåing.

#### **IV. Styring og kontroll i verksemda**

Denne delen av årsrapporten har to delar, ein som beskriv internkontrollen i Lånekassen og ein som svarar ut dei andre føresetnadane og krava i tildelingsbrevet.

##### ***Del 1: Rapportering om styring og kontroll i verksemda***

Verksemda skal ha opplegg for styring og kontroll som er tilpassa eigenarten, risikoen og vesentlegheita til institusjonen. Rapporteringa skal innehalde:

- ei skildring av systemet for risikovurdering og av om denne risikovurderinga er gjennomført
- ei overordna vurdering av dei største risikoområda som dei vurderer kan verke inn på evna deira til å nå fastsette mål og resultat, og av gjennomførte eller planlagde tiltak for å redusere risiko
- ei vurdering av om opplegget for styring og kontroll er godt nok til at:
  - fastsette mål og resultatkrov blir nådd
  - ressursbruken er effektiv
  - lovar og reglar blir overhaldne
  - resultat- og rekneskapsinformasjonen er relevant og påliteleg
  - vesentleg styringssvikt, feil og manglar blir avdekt og handtert
  - internkontrollen er dokumentert
- ein omtale av andre vesentlege forhold som departementet må kjenne til
- ein omtale og oppfølging av ev. merknadar frå Riksrevisjonen. Viss Riksrevisjonen ikkje har merknadar, så skal direktoratet stadfeste dette.

##### ***Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav***

Lånekassen skal i denne delen rapportere på fellesføringar frå regjeringa og andre krav som kjem fram i del 4 i tildelingsbrevet.

#### **V. Vurdering av framtidsutsikter**

Dette kapitelet skal innehalde den framtidssretta delen av årsrapporten. Omtalen skal ta omsyn til både eit eittårig og eit fleirårig perspektiv, og skal innehalde omtale av verksemdas framtidsutsikter og overordna planar i lys av sentrale samfunnstrendar.

Denne omtalen bør ta utgangspunkt i strategien og eigenarten for verksemda og få fram moglege konsekvensar for Lånekassen av samfunnstrendane og kva for langsiktige ambisjonar dei har. Omtalen bør også omtale korleis verksemda ønskjer å utvikle samarbeid med nasjonale og internasjonale aktørar. Verksemda må synleggjere eigne overordna prioriteringar og eventuelle budsjettverknader av desse.

#### **VI. Årsrekneskap**

Dette kapittelet skal innehalde årsrekneskapen for verksemda, med notar og kommentarar frå leiinga underteikna av direktøren. Rekneskapen skal vere i samsvar med krava fastsett i [økonomiregelverket](#), frå Finansdepartementet og krava Kunnskapsdepartementet har fastsett.